

## **Uttale til kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø (2016-2026)**

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne vil retta ros til administrasjonen for ein innhaldsrik og detaljert plan, der det er breidt fokus på menneske i ulike aldrar, interesser og livssituasjonar.

Med har fylgjande framlegg til endringar/tilføyingar:

### **Pkt 5.2.3, «Aktuelle prosjekt» :**

Administrasjonen har starta sonderingar for å finna ut kvar ein slik kan ligga (...) og vil ha dialog med Råd for menneske med nedsett funksjonsemne i planprosessen.

### **Pkt 6.2.2, «Anlegg» :**

Delmål nr 8, strategi og ansvar, nytt avsnitt:

*Kommunen skal leggja til rette for brukarmedverknad og ha dialog med Råd for menneske med nedsett funksjonsemne i planprosessane.*

**Pkt 4.2.** (2.avsnitt) Kva meiner ein med at utsette grupper og menneske med nedsett funksjonsevne lyt få ekstra merksemd? Kva konkrete tiltak tenkjer ein då på? Menneske med psykisk nedsett funksjonsevne og menneske med fysisk nedsett funksjonsevne har ulike behov for tilrettelegging. Menneske med psykisk nedsett funksjonsevne har meir samansette behov. Utfordringane med tanke på inkludering er vanskelegare enn tilrettelegging for til dømes ein rullestolbrukar. Det er det viktig å ta med seg i arbeidet vidare.

### **Kommentar:**

Planar krev prioriteringar, men me håpar at ein universelt utforma badeplass kan realiserast lenge før år 2028 (ref pkt 7.3 Langtidsprogram, ikkje prioritert).

Til slutt utfordrar me administrasjonen og politikarane til å ha større fokus på brukarmedverknad tidleg i planarbeid som har verknad for menneske med nedsett funksjonsevne.

For Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Jannicke Helland, leiar